



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2023/1009-2

Sakshandsamar: Åse Ingebjørg Flateland

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	15.06.2023	53/23

Søknad om Bygdevekstavtale 2023

Saksframlegg godkjent av kommunedirektør, Finn Arne Askje 08.06.2023.

Vedlegg

- 1 Søknad om deltaking i pilotordning for utprøving av bygdevekstavtale for Vest-Telemark.pdf
- 2 Arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2022-2023.pdf

Bakgrunn for saka:

Vest-Telemarkrådet gjorde dette vedtaket i sak 17/2023 på møtet den 23.mai 2023:
Vest-Telemarkrådet rår kommunane i Vest-Telemark til å støtte opp om at det blir sendt ein søknad om bygdevekstavtale.

Regjeringa varsla i Hurdalsplattforma ei satsing på bygdevekstavtaler:

Side 34 under overskrifta «*En bedre distriktspolitikk*» står det m.a.:
Distriktspolitikken må forsterkes og fornyes. Regjeringen vil føre en politikk for sterkere fellesskap, vekst og utvikling i hele landet der by og land går hand i hand. Vi vil sette i gang nye tiltak for å skape optimisme og fremtidstro i hele Norge. I regjeringens distriktspolitikk er arbeid og velferd det aller viktigste. Hvis folk skal bo i og flytte til distriktene, må viktige tjenester som barnehage, skole og helsetilbud være i nærheten. Alle innbyggere skal ha tilgang til bredbånd og god kritisk infrastruktur som vei og ferge. For å utnytte mulighetene i nord må befolkningsnedgang snus til befolkningsvekst. De personrettede tiltakene i tiltakssonen i Finnmark og Nord-Troms må evalueres, og et program for utprøving av nye tiltak i distriktspolitikken blir særlig viktig for denne landsdelen.

Regjeringen vil legge frem en melding for Stortinget om distriktpolitikk, der anbefalinger gitt av Norman- og Brandtzæg-utvalgene blir fulgt opp. Regjeringen vil også gjennomgå dagens distriktpolitiske virkemiddelapparat for å sikre at det fungerer best mulig. Et hovedvirkemiddel i distriktpolitikken er den differensierte arbeidsgiveravgiften, og vi vil videreføre og jobbe for å utvide ordningen.

Regjeringen vil innføre en pilotordning med bygdevekstavtaler. Dette skal være et nytt distriktpolitisk virkemiddel for utvikling, vekst og langsiktige rammer som styrker næringsliv og bosetting i Distrikts-Norge. Dette skal være langsiktige avtaler mellom staten og distriktskommuner med særlig behov for støtte til næringsutvikling. Piloten skal bestå av én til to avtaler per fylke.

Det vart løyvd 10 mill. kroner i første runde med bygdevekstavtaler hausten 2022. Vest-Telemarkrådet søkte hausten 2022, men fekk avslag. I første runde vart kommunar i Finnmark og Trøndelag prioriterte. For 2023 er det løyvd 15 mill. kroner.

Det overordna målet for bygdevekstavtalene er å bidra til:

- busetjing
- tilgang på kompetent arbeidskraft
- framtidsretta næringsutvikling

i dei minst sentrale delar av distrikts-Noreg.

Vest-Telemarkrådet ynskjer å søkje på nytt i 2023. Næringskollegiet i Vest-Telemark har kome med gode innspel. Ei arbeidsgruppe som består av administrasjonen i Vest-Telemarkrådet, næringssjefen i Kviteseid og nærings- og samfunnsutviklarar i Tokke har arbeidd med å konkretisere innhaldet i ei mogleg avtale. I prosessen har det vore administrativ dialog med Vestfold og Telemark fylkeskommune og Statsforvalteren i Vestfold og Telemark.

Kommunal- og distriktsdepartementet lyste ut [Tilskuddsordning for utprøving av bygdevekstavtaler](#) 16.mars 2023. I fase 1 blir det ikkje lyst ut midlar til sjølv avtale, men til prosessen fram mot ei mogleg avtale.

Kommunar i sentralitetsklasse 6 (Vinje, Tokke, Fyresdal og Nissedal) og 5 (Kviteseid og Seljord) kan søkje, og det er mogleg for kommunar i sentralitetsklasse 4 å delta gjennom eit samarbeid med førstnemnde. Eit sentralt kriterium er at kommunane må vise til dokumenterte utfordringar som demografisk ubalanse, sårbar næringsstruktur med meir.

Departementet vektlegg samarbeid med Statsforvaltar og fylkeskommunen i prosessen. Dersom det ikkje ligg føre oppdatert samfunnsdel av kommuneplanen, må kommunane forplikte seg til å lage oppdatert samfunnsdel før dei inngår avtale med staten.

Det er ikkje krav om kommunal medfinansiering i fase 1.

Søknadsfristen er **23.juni 2023**.

Kommunestyrevedtaka blir ettersendt om vi ikkje har protokollane klare til fristen.

Vurdering

Vest-Telemark har kommunar som passar godt inn i regjeringa sine ambisjonar og kriterium for bygdevekstavgifter. Som ein ser av vedlagd søknad, har regionen utfordringar både når det gjeld folketal og demografi. Det har vore svak utvikling i tal arbeidsplassar dei siste 20 åra, fleire næringar opplever rekrutteringsutfordringar, og behovet for kompetanse er stor. Vest-Telemark er godt budde for å gå vidare i dette arbeidet. Sjølv om utlysinga ikkje går direkte inn på ei ferdig avtale, er arbeidet som er lagt ned for å førebu ei eventuell avtale nyttig å ha med seg inn i den vidare prosessen, og utkast til søknad byggjer på dette.

Basert på utfordringane, byggjer søknaden på at avtala blir utarbeidd langs desse tema/måla:

- Pilotregion for innføring av full momskompensasjon for stimulering av bustadbygging i regionen
- Positiv folketalsutvikling
- Vekst i tal arbeidsplassar i privat sektor
- Fleire faglærte i offentlig sektor
- Minst 20 fleire statlege arbeidsplassar

I søknaden er det lagt opp til at prosessen med å utvikle ei bygdevekstavgift for kommunane i Vest-Telemark blir organisert gjennom ei styringsgruppe og fem arbeidspakkar med kvar si prosjektgruppe etter tema/måla som er lista opp over.

For å sikre framdrift og god prosess er det naudsynt med ein dedikert prosjektleiar, og det blir lagt opp til å få på plass denne så raskt som mogleg. Det er føremålstenleg at prosjektleiaren er knytt til administrasjonen i Vest-Telemarkrådet. Arbeidet i styringsgruppa og prosjektgruppene vil kreve god samordning, og det vil òg bli behov for møte/innspel med andre aktørar. Det er viktig å orientere kommunestyra undervegs, og det blir i tillegg lagt opp til rapportering i Vest-Telemarkrådet.

Det er i søknaden lagt opp til ei eiga regional samling med ungdomsråda, noko vi har god erfaring med frå liknande prosessar. Det å gå inn i dette arbeidet, vil forplikte kommunane når det gjeld tidsbruk og deltaking i styrings-/prosjektgruppe.

Samstundes vil gevinsten gjennom ei bygdevekstavgift med staten vere betydeleg. Dersom ein ikkje skulle oppnå ei avtale, vil kunnskapen og tiltaka som kjem fram i prosessen vere svært verdifulle i vidare planarbeid og andre kommunale og regionale satsingar. Det er likevel eit heilt sentralt poeng at suksessen til ei bygdevekstavgift vil avhenge av staten si vilje og evne til å forplikte seg til konkrete satsingar på ulike felt, og at statlege etatar samordnar seg for å mogleggjere dette.

Søknaden legg opp til ein kostnad for fase 1 på 1,5 mill. kroner; som er søkt fullfinansiert av staten.

Det kan bli gjort mindre endringar i sjølve søknaden (vedlegg) før han vert sendt.

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å vedta at Tokke kommune, saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark, støttar opp om at det blir sendt ein søknad om bygdevekstavgift for Vest-Telemark.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune støttar arbeidet med bygdevekstavgift for kommunane i Vest-Telemark og at det blir sendt ein søknad til Kommunal- og distriktsdepartementet i tråd med dette.

Kommunestyre si handsaming av sak 53/2023 i møtet den 15.06.2023

Røysting

Kommunedirektøren sin tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Tokke kommune støttar arbeidet med bygdevekstavgift for kommunane i Vest-Telemark og at det blir sendt ein søknad til Kommunal- og distriktsdepartementet i tråd med dette.
